



Steinar Sjøstrøm Helland
Vefjell 78
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9256 - 20/27344

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
12.05.2020

Registrert porøs topp på septiktank - gbnr 47/2 Vefjell

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 47/2
Tiltakshavar: Steinar Sjøstrøm Helland

Alver kommune har den 08.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning av septiktanken den 07.05.2020 på eigedommen dykkar vart registrert at toppen på tanken er porøs. I følgje Norva24 AS ser tanken ut til å vere ein gamal tank. Det er støypd eit nytt lag med betong opp på den gamle betongen. Denne betongen har etter kvart sprotte opp, blitt porøs og har starta å smuldre opp. Tilstanden kan vere farleg for dyr og menneske, og vil og kunne vere ei hindring for tømmeoperatøren ved neste tømning. Same tilstanden har vore kommentert i frå Norva24 AS i 2014.

Anbefaling frå sakshandamar hos Norva24 AS er at den gamle tanken må skiftast ut. De får ein frist på 6 månader til å gjennomføre dette arbeidet.

I følgje plan- og bygningslova (pbl.) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Toppen på septiktanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 30.11.2020.

Retting må skje ved at septiktanken vert midlertidig sikra og etter kvart skifta ut, som anbefalt av Norva24 AS.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dere å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i pbl. §§ 32-3 og 32-2.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføra arbeidet.

Når tilstanden er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å sikre basseng og brønn følger av pbl. § 28-6.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Iselinn Bo Rasmussen
Steinar Sjøstrøm Helland

Vefjell 78
Vefjell 78

5957 MYKING
5957 MYKING